

Referat frå møte i FAU 7.11.2011

Tilstades:

Jone Siqveland

1.trinn: Sean Martin

2.trinn: Berit Yri (vara)

3.trinn: Kai Morten Egeland

4.trinn: Magnhild Sørлие

5.trinn: Svein Kåre Harestad

6.trinn: Trond Aanestad

7.trinn: Cato Eigestad

Forfall: Rita Irene Våland

Sak 7 11/12: Info/drøfting ift. forslag til ny økonomiplan for Time kommune. Konsekvensar for Lye skule

Dette gjeld konsekvenser for Lye skule dersom Vestly skule vert lagt ned, og dersom paviljongen ved Lye skule vert omdisponert til barnehage. Det vart drøfta fordelar og ulemper og konsekvenser i forhold til dette. FAU vil følge tett vidare i prosessen.

Sak 8 11/12: Rutiner for val av målform

Vedlagt ark frå Time kommune om nye rutinar for oppretting av bokmålsgruppe/klasse. Skulen har fått pålegg frå fylkesmannen om å levera ut klasseliste på førehand dersom foreldre ber om det. Slik rutineane er no, må foreldre melde skrifleg til skulen dersom dei ønsker bokmål. FAU stemte over eit forslag om at skulen ved innskriving skal ha eit avkryssningsskjema der foreldre kan velje målform. Forslaget vart vedteke med 5 mot 2 stemmer.

Sak 9 11/12: Sikring av born i buss

Rektor orienterte om Time kommune si tilbakemelding ift FAU si henvending sist skuleår, ang sikring av born i buss ved badekjøring og andre utflukter. I avtalen mellom kommunen og transportselskap er det eit ønske om sikring av born og sitjeplass til alle. Tilbakemeldinga går på at dette ønsket vert innfridd i den grad dei har kapasitet. Det skal inngås ny avtale for neste skuleår. FAU vil at skulen skal setja krav om sikring av born og ingen ståplasser ved busstransport i alle framtidige avtaler.

FAU ønsker å ta kontakt med andre FAU i kommunen og FUG, for å samarbeide om å stille krav til at dei same betingelsane skal gjelde i den statlige avtalen med Kolumbus. Sean og Cato jobber vidare med dette.

Sak 10 11/12: Trafikksituasjon rundt skuleområdet

FAU minner om at foreldre må kjøre sakte gjennom skuleområdet og ikkje stoppe for henting/levering ved gangfeltet! I forbindelse med anleggsarbeidet som pågår ved skulen no, vil rektor henvende seg til byggeansvarleg om at dei må visa hensyn til skuleborna. Når det gjeld omreguleringa av vegen ved skulen og idrettsbanen, skriv FAU v/Sean Martin brev til kommunen med ønske om plan for trafikksikkerheit i forbindelse med anleggsarbeidet. Viktig å sikra ein trygg skuleveg for borna.

Sak 11 11/12: Gruppestorleik vs økonomi

Rektor informerte om at det ikkje finst nye planar for samanslåing av grupper. FAU etterlyste evaluering av samanslåinga av 3. trinn.

Sak 12 11/12: Val av leiar og nestleiar i FAU

Leiar: Sean Martin
Nestleiar: Cato Eigestad
Kasserar: Cato Eigestad
Sekretær: Magnhild Sørлие

Sak 13 11/12: Eventuelt

Gladsak: Rektor applauderte positivt innslag om leirskule i avisa frå 6. trinn på Lye skule.
Politikarar snakkar positivt om leirskulen og skulen håper at det vert vedteke at leirskulen kjem inn i budsjettet igjen, i kommunestyret 14. desember.

Vennegruppe:Rektor ønsker at FAU vedtek at me har vennegrupper på Lye skule frå 1. til 4. trinn, at dette ikkje er valfritt. Dette vert behandla som eigen sak på neste FAU-møte.

Magnhild Sørлие
referent